

Tore Kristiansen og Nikolas Coupland (red.): *Standard Languages and Language Standards in a Changing Europe*. Oslo: Novus 2011. 239 sider.

Dette er den første publikasjonen frå ei europeisk forskargruppe kring emnet “Standard Language Ideology in Contemporary Europe”, med akronymet SLICE. Boka er eigentleg ein rapport frå to arbeidsseminar i København i 2009 og består av to delar: Den største delen inneholder korte landrapportar om nye tendensar i standardspråksutviklinga i ulike språksamfunn (fjorten i alt), mens den siste delen inneholder fem lengre artiklar som belyser ulike teoretiske aspekt ved problemstillingane på eit empirisk grunnlag. Det heile blir innleidd av dei to bandredaktørane, som beskriv det teoretiske utgangspunktet for SLICE-prosjektet. Alle kapitla i boka er på engelsk.

Tittelen peikar på eit nytt perspektiv i standardspråkforskinga. Det er fokusendringa frå “standard language(s)” til “language standard(s)”, dvs. at interessa ikkje lenger samlar seg om sjølve språket som form- og regelstruktur, men om ideologien som ligg til grunn for førestillinga om “det beste språket” (primært talespråket). Dette blir utdjhupa i den lange innleiinga til redaktørane Coupland og Kristiansen: “Critical perspectives on language (de)standardisation”. Med denne tittelen slår dei an grunntonen for boka, for her står omgrepene “de-standardisering” like sentralt som “standardisering”. Men det må sjåast på bakgrunn av sjølve “standardspråk”-omgrepet, som her langt på veg blir dekonstruert. Frå å vere ein term som beteiknar ein bestemt type språkvarietet med ei spesiell tilbliingshistorie og eit sett spesielle samfunnsfunksjonar, blir det her omdefinert til ein ideologi, ei førestilling om “det beste språket” i jamføring med andre varietetar som er i bruk i det aktuelle samfunnet.

Redaktørane peikar ut to hovudområde for forskingsprogrammet til SLICE-prosjektet: språkhaldningar og massemedium, primært dei munnlege, men etter kvart også sosiale medium. Desse hovudemna går som ein raud tråd gjennom boka. Språkhaldningsundersøkingar har som mål å avdekke kva som fungerer som faktisk “standardspråk” i eit gitt samfunn, fokusering på mediespråket har som mål å komme nærmare dei mekanismane som skaper, styrer eller påverkar desse haldningane.

Coupland og Kristiansen har ein kritisk diskusjon av fleire tidlegare teoretikarar på feltet. Noko feilslått verkar kritikken av Einar Haugens fasemodell for språkplanleggingsprosessen frå 1960-åra (s. 21–22). Den går ut på at Haugen ikkje bygde inn ideologi i modellen sin, og at han er “teleologisk”, altså berre omhandlar prosessen fram til eit resultat, eit standardspråk, og ikkje også inkluderer destandardisering. Kritikken kan verke uhistorisk, noko forfattarane medgir på s. 12, der dei seier at vi no i “seinmoderniteten” har “a social ecology very different to the ones that Haugen was confronting”. Det som var aktuelt å beskrive i 1960-åra, var den bevisste og systematiske prosessen språkplanlegging med na-

sjonale standardspråk som mål (ikkje minst i nye nasjonar og statar) – destandardisering var ikkje eit aktuelt tema den gongen, og det er ein kvalitativt annan prosess som treng eit anna beskrivingsapparat. Haugens modell gjaldt dermed den faglege prosessen fram til ei standardisering, ikkje haldningsutviklinga ute i språksamfunnet; subjektet for dei handlingane modellen omfatta, var normgjevarane. Rett nok var det fjerde stadiet i første versjon av modellen hans “acceptance” – da måtte subjektet sjølvsagt vere språksamfunnet. Men han endra det seinare til “implementation”, som gjorde “planleggarane” til subjekt også i denne fasen. Joan Rubins tillegg, “evaluation”, hadde òg planleggarane som subjekt, sjølv om samfunnet i denne fasen naturlegvis måtte vere premissgjevar. Forskjellen mellom Haugen og dei nye sosiolinguistiske teoretikarane var altså at modellen hans beskrev prosessen frå normgjevarane sitt synspunkt. Det er legitimt, like legitimt og nødvendig som det er å beskrive han frå språkbrukarane og samfunnet sitt synspunkt. Begge perspektiva må vere med for å få eit heilskapleg bilde, men dei må haldast ut frå kvarandre i analysen. Det er to forskjellige forløp som til saman gir det resultatet språksamfunnet til sist (eller inntil vidare) endar opp med.

På s. 23 har redaktørane ein interessant diskusjon om forholdet mellom “godtaking” og “spreiing” (“acceptance” og “diffusion”) av standardtalespråket. Dei stiller to spørsmål. Først: “Can we have acceptance without diffusion?” Altså: Kan folk akseptere ein varietet som “det beste språk” utan å ta det i bruk? Det meiner eg dei kan, for det er ikkje uvanleg at ein kan beundre ein språkvarietet som ein sjølv ikkje tar i bruk, enten på grunn av ein motstridande “covert prestige”, eller pga. språkleg sjølvforakt, ei tru på at ein ikkje får til å snakke det “fine språket” godt nok. Vi har mange døme på dette i norsk samanheng, at folk skammar seg over dialekten sin når dei høyrer han i media, til dømes, men likevel held fram med å bruke han. Eit klassisk syttatalssitat frå ein informant i ei sosiolinguistisk undersøking er: “Vi snakkær jo stygt, men vi kan jo ikke snakke sossespråk heller!” Og dette peikar utan tvil på eit problem for dei som meiner at ideologiske førestillingar om “det beste språk” i seg sjølv er nok til å gi denne varieteten status som standardspråk.

Det motsette spørsmålet er: “Can we have diffusion without acceptance”? Her er det vanskelegare å svare “ja”, men ein kan heller ikkje avvise det bastant. Vi har jo døme på at folk tar i bruk standardspråket – i Noreg normalt bokmålet – med motvilje, i noko som blir opplevd som ein reell (om enn tilslørt) tvangssituasjon. Igjen har vi eit problematisk forhold mellom open (“overt”) og tildekt (“covert”) prestisje. Personleg vil eg hevde at for å fungere som standardspråk, må eit språk bli tatt i bruk av folk som ikkje har det som førstespråk – jamvel om det ikkje ligg føre annan “acceptance” enn ei pragmatisk erkjenning av at det er sosialt nødvendig.

Her må eg kunne vise til artiklane i NLT nr. 2-2009. Der har eg i mitt bidrag prøvd å føre inn eit skilje mellom prestisjespråk og standardspråk, med det kri-

teriet at standardspråket fungerer som reelt mønster til etterfølging for folk med andre varietetar av det same språket, altså andre dialektar, som førstespråk. Eit standardspråk er etter dette synet standardspråk *i kraft av* at folk med andre varietetar som morsmål legg om språket sitt til det. Eit prestisjespråk kan sjåast som “det beste språket”, t.d. gjennom å ha elitestatus, utan å ha reell normkraft for brukarar av andre varietetar; da er det ikkje standardspråk. Ut frå dette er det etter mitt syn umogleg å fastsette kva som er standardspråk utan å undersøke språkbruk. Haldningsundersøkingar er nødvendige, men ikkje nok. Dei praktiske konsekvensane av haldningane må også undersøkast. Derfor er det uunn-gåeleg at språkbruken må bli den endelege testen (om enn alltid mellombels, for her er ingenting nokon gong “endeleg”). Dermed har eg også tatt avstand frå at standardspråket eigentleg ikkje finst anna enn som “ideologi”, slik det blir postulert i eit sitat frå ekteparet Milroy (s. 18–19). Det eksisterer som ein reell praksis, om enn basert på ideologi, på same måten som f.eks. demokratiet (som også berre eksisterer i kraft av at folk innstiller seg på at det finst og oppfører seg i samsvar med det – men det er like mykje realitet for det).

Eit sentralt omgrepsspar i boka er demotisering og destandardisering, som redaktørane bruker ein del plass på i innleiinga, og som også blir drøfta i fleire av enkeltartiklane i boka. *Demotisering* vil seie at standardideologien, den haldninga at det finst éin språkvarietet som er “betre” enn andre innanfor eit språksamfunn, blir reproduksert i nye generasjonar, men synet på *kva* som er det beste språket, endrar seg, at ungdommen altså dannar seg sitt eige “standardspråk” i motsetning til ein eldre elitebasert språknormal. (Redaktørane er noko tvilande til denne termen, med rette, for ikkje alle bruker han på same måten; såleis betyr demotisering både for Kristján Árnason og Stephen Pax Leonard (s. 94) og for Helge Sandøy (s. 123) ei avgrensa opning av den tradisjonelle språkstandarden i resp. islandsk og norsk “riksmål” for visse ord og former med grunnlag i ta-lemalet og faktisk skriftspråk.) *Destandardisering* betyr ei opning for at fleire varietetar kan reknast for jamgode med det tradisjonelle standardspråket, med andre ord at det felles standardspråket “løyser seg opp” til fordel for ei haldning der ein aksepterer at ulike grupper bruker ulike, men jamgode varietetar (utan at “all” språkbruk dermed blir rekna for “like god”; redaktørane trur ikkje at sosial opp- vs. ned-vurdering av talespråk nokon gong vil forsvinne).

Dei fjorten språksamfunna som blir beskrivne i del 1 av boka, er for det meste germansk-språklege: Nesten alle sjølvstendige land med germansk majoritetsspråk er med, i tillegg til nokre ikkje-germanske samfunn som har levd tett på germanske: finsk, walisk, irsk – og dessutan litauisk. Alle artiklane inneholder ein historisk komponent, og går så over til å drøfte haldningar og ideo-logiar basert på den typen forsking som har vore gjort i kvart land. Utviklinga i mediespråket og den rolla det har spela, blir fokusert av alle. Alle artiklane er svært informative og får sagt mykje på liten plass (ingen av dei har fått meir

enn ti sider i boka). Eg kan ikkje gå nøyne inn på dei enkeltvis, men skisserer det mørnsteret som eg meiner å sjå når eg les dei samla. Eg nemner i parentes forfattarane til artiklane når eg refererer til dei.

Dei fleste samfunna har ein sterk standardtradisjon, noko som i og for seg er velkjent; Noreg (Helge Sandøy) er det viktigaste unntaket, men også i Wales (Elen Robert) har underordninga under engelsk hindra ein standard i å få grep; der er det slik at revitaliseringa av språket – målreisinga – har gjort standardisering ønskjeleg. Det kan vere særleg interessant å studere slike samfunn som har hatt målreisingar og jamføre standardideologiane der. Svenskfinland (Leila Mattfolk og Jan-Ola Östman) har som kjent orientert seg sterkt mot Sverigesvensk (unntatt i fonetikken) og motarbeidd ”finlandismar”. I Irland (Tadhg Ó hIfearnáin og Noel Ó Murchadha) har talemålet i Gaeltacht, dei delane av landet der irsk-gælisk har overlevd som førstespråk, hatt normstatus, trass i at det var brukt av ei samfunnsklasse med låg status. Island (Kristján Árnason og Stephen Pax Leonard) og Litauen (Loreta Vaicekauskienė) har stått fast på ein sterkt tradisionalistisk og puristisk tradisjon (i strid mot reell eller antatt overmakt frå høvesvis dansk og russisk (i Sovjetida) og i moderne tid engelsk). I dei fleste landa har elles eit elitært høgborgarleg bymål hatt den største prestisjen og blitt innarbeidd som standardspråk.

Det er gjennomgåande at det i dei siste tiåra har skjedd ei opning nesten overalt, men tendensane som har komme fram, er ofte vase og motstridande. I somme land held den tradisjonelle ideologien seg som den herskande, men har likevel mindre makt og fører til mindre engasjement enn før (Island). Andre stader oppstår det nye ”unge” standardvarietetar, ofta urbant basert, men knytt til regionalisering og nye språkbrukargrupper (immigrantar). Det ser vi i England (P. Garrett, C. Selleck og N. Coupland) og Nederland (meir om det nedanfor). Ikke uvanleg er det at haldningsundersøkingar viser at tradisjonelle ideologiar står sterkt på det bevisste planet, enten det er tradisjonell standardideologi eller språkleg lokalpatriotisme på vegner av dialektane, mens dei ubevisste haldningane som kjem fram i masketestar, viser ein preferanse for urbant og uformelt ungdomsspråk. I Danmark (Frans Gregersen, sjå også innleiinga, s. 25–26 og 29–30) er dette tydeleg, og også i Irland, der det urbane talemålet til folk som har lært irsk som andrespråk, vinn over det ”autentiske” tradisjonelle Gaeltacht-språket. Dette blir da ei demotisering, fordi den fremmar normer som er lettare å tilegne seg for nye språkbrukargrupper. Informaliseringa i media fører til ei opning av normer, også i land som Sverige (Mats Thelander) og Finland (Pirkko Nuolijärvi og Johanna Vaatiovaara). Fleire rapporterer om glidningar i normsystema som er så uklare at det er svært uvisst kor dei leier (Litauen, Wales). I Austerrike (Sylvia Moosmüller og Barbara Soukup) er det to normsentrum som spelar ei rolle som både er positiv og negativ: Det eine er Tyskland, som tidlegare har vore normkjelde også for austrikkarane. Der er det no

semje om at ein vil halde avstand og markere skilnad til Tysklands-tysk, men det er uvisse om måten og graden. Det andre normsentret er Wien, der det viser seg at dei ubevisste haldningane er meir positive til innverknaden derfrå enn dei bevisste, som forsvarer dei lokale tradisjonane i dei ulike provinsane. Dette minner om mønsteret i Danmark.

Om ideologi står sentralt generelt i denne boka, er Frans Gregersen den einaste som går inn på innhaldet i ideologiane og set dei opp mot kvarandre slik dei har stått fram i den danske konteksten. Han skil mellom tre generelle ideo-logiar: nasjonalisme, internasjonalisme og liberalisme, og to lingvistiske: funksjonalisme og variasjonisme. Kategoriseringar av denne typen er alltid diskutable, men nettopp derfor nyttige; det er diskusjon vi treng. Det er truleg rett å seie at dei første tre ideologiane ikkje primært gjeld synet på standardisering og standardspråk, men forholdet til engelsk som bruksspråk i dei “moderne” sektorane i samfunnet. I kor stor grad kan og bør statsmaktene aktivt fremme dansk mot engelsk ved å regulere og “temme” marknadsmekanismar, for eksempel ved å vedta reglar om “parallelspråkbruk” ved universiteta? Her vil nok internasjonalistane og liberalistane i stor grad slå seg saman mot nasjonalistane (truleg vil det ofte vere dei same personane). Men denne diskusjonen kjem litt på sida av det denne boka elles handlar om. Dei to siste kategoriane er enkle å sette opp mot kvarandre: Funksjonalistane vil ha eit mest mogleg stramt standardspråk og “no nonsense”, mens variasjonistane tar utgangspunkt i sosialpsykologiske resonnement og meiner at deira politikk vil gi eit meir menneskeleg språksamfunn. Men det er nok særleg blant (sosio)lingvistar at dette synet står sterkt. Gregersen er ein av dei få forfattarane i boka som flaggar eigne sympatiar, som tilhengar av variasjonisme og ambivalent til nasjonalisme. Hans visjon for det danske språksamfunnet er: “Towards more tolerance not less, more variation not less, and more lects not less.” Men det er ikkje denne retninga landet faktisk går i, så langt i alle fall. Så det er eit ambisiøst program Gregersen set opp, og det er han nok sjølv veldig klar over.

Ein kan lure på korfor ikkje andre kapittel i boka har liknande ideologidrøftingar, men det kan hende at vi finn ein realitet reflektert i dette: at det har vore meir open diskusjon om språkideologi og språkpolitikk i Danmark (liksom i Noreg) enn i dei fleste andre europeiske land – i alle fall dei siste åra.

I Tyskland (Philipp Stoeckle og Christoph Hare Svenstrup), det største og mest folkerike av alle dei landa som blir behandla i boka, er utviklinga ganske kompleks og dessutan ulik i ulike landsdelar. I Nord-Tyskland dominerer og ekspanderer standardspråket, rikstysken, om enn med regional farging, mens (dei lågtyske) dialektane er på veg ut. I Mellom-Tyskland er stoda delvis den same, men både dialektane og ei form for “regiolect” står sterkare i vest (Mosel-og Rhin-dalane). Enda sterkare står desse meir “standard-fjerne” formene i sør (Baden og Bayern).

Her kan vi markere overgang til del 2 i boka, som består av færre (5), men lengre kapittel av meir teoretisk slag. Tre av dei handlar om medias rolle for språkutviklinga i ulike samfunn: Jannis Androutsopoulos drøftar den påverknaden digitale medium kan ha på skriftspråket, Allan Bell tar for seg kringkastingspråket på New Zealand og skildrar ei “nystandardisering” av eit “post-kolonialt” engelsk der i landet, og Jane Stuart-Smith drøftar den rolla fjernsynsspråk kan spele i språk- og språkhaldningsendringar, med konkret materiale frå Skottland og Japan. Eg går ikkje meir inn på dette, men tar eit blikk inn i dei to attståande artiklane, som sluttar seg til del 1 ved å drøfte spørsmål kring demotisering og destandardisering i Tyskland, Nederland og Flandern.

Peter Auer og Helmut Spiekermann går rett på sak med tittelen “Demotisation of the standard variety or destandardisation?” med fokus på Tyskland, som altså får to artiklar i boka. Det bildet dei to forfattarpara gir av tendensane, samsvarer heller ikkje heilt med kvarandre. Men Auer og Spiekermann startar med ein lengre diskusjon om omgrepsparet demotisering og destandardisering, som i utgangspunktet stammar nettopp frå tyske forskarmiljø og derfrå har spreidd seg til engelske og internasjonale. Dei understrekar at omgrepa er noko upresise og svært kontekstavhengige: Innhaldet i “destandardisering” er såleis avhengig av kva slags standardspråksomgrep som er utgangspunktet. Dei set opp tre kriterium for det dei kallar “standardness” (s. 164): 1) Om varieteten dekker heile det området der dialektane naturleg høyrer inn under den aktuelle standardvarieteten. 2) Om varieteten og dei som nyttar han, har høg prestisje (offisielt og uoffisielt). 3) Om varieteten er kodifisert i eit konsistent system og dermed einsarta. Her presiserer dei at variasjon i ein overgangsfase ikkje kan kallast destandardisering dersom denne fasen banar veg for ny einskap kring dei språktrekka det gjeld; da er det snakk om “omstandardisering”.

Artikkelen går vidare ved å beskrive ei rekke konkrete talemålsendringar i Sørvest-Tyskland. Dei går eg ikkje inn på, men viser til teksta. Konklusjonen forskinga gir grunnlag for, er at ein kan beskrive to hovudretningar i utviklinga. I det tyske språkområdet har det skjedd ei destandardisering over landegrensene (jf. kriterium 1 ovanfor), for så vidt som Austerrike og Sveits har utvikla eigne standardvarietatar i opposisjon til den tyske (jf. artikkelen om Austerrike), og Luxemburg har etablert eit særskilt språk på grunnlag av folkemålet i landet. Men innanfor Tysklands grenser er det snakk om ei stadig sterkare standardisering, i den forstand at lokale og regionale språktrekk er på rask marsj ut av språket. Dei talemålsendringane som likevel set seg igjennom, ser ut til å representere ei rein omstandardisering, og altså erstatte både tradisjonell standard og eldre regionale trekk. På dei punkta har det da skjedd ei demotisering. Men standardideologien står like sterkt som nokon gong. Berre Bayern blir nemnt som eit mogleg unntak frå dette; der ser det framleis ut til å finnast ein eigen regional standard.

Også nederlandsk får to artiklar i boka, begge skrivne av Stefan Grondelaers og Roeland van Hout frå universitetet i Nijmegen. Artikkelen i del 1 dekker berre Nederland, men i del 2 har dei fått med seg Dirk Speelman frå universitetet i Leuven i Belgia. Her blir språksituasjonen i Nederland og Belgia jamført, og det kjem fram frapperande skilnader trass i språkfellesskapet. I Nederland skjer det ei demotisering – forfattarane vil elles ikkje bruke denne termen, men kallar det “standard stratification”: Standardideologien er usvekt, men det har utvikla seg nye normer på regionalt grunnlag eller innanfor innvandrargrupper med ulik morsmålsbakgrunn. I Belgia, derimot, har dei hatt ein forsvarsideologi (mot fransk) som har gått ut på å tilnærme seg “hollandsk” mest mogleg (jf. det tilsvarende fenomenet i Svenskfinland). Men kravet om eit meir autonomt flamsk standardspråk har auka. I dag har vi framleis tradisjonelle hollandsk-orienterte standardformer av flamsk, fremst forvalta av etermedium og av lærarstanden, som no er utfordra av ein meir diffus varietet som blir kalla “tussentaal”, ‘mellomspråket’, der flamske talemålstrekk er tatt opp i langt større grad. Men mens den hollandskretta flamsken har mista prestisje hos stadig meir sjølvbevisste flamleendarar, så har ikkje “mellomspråket” fått nokon særleg auka prestisje – trass i at det spreier seg i bruk. Dermed har vi fått eit slags standardspråkleg vakuum i Flandern, meiner forfattarane, og det er opent korleis dette tomrommet til slutt blir fylt.

Også denne artikkelen drøftar kriterium på “standardness”: talarprestisje, statusen til konkrete aksentar, (oppfatningar av) venleik, og konsensus i samfunnet. Nederland skårar høgare enn Flandern på alle punkt. Når det gjeld aksentstatus, blir det nemnt at éin aksent i Nederland, nemleg frå Limburg heilt i søraust, har stige markant i status dei siste tiåra. Det må ha å gjere med ein meir markert regional patriotisme generelt i det området. Ein interessant observasjon er det også at mens språk-evalueringane i Nederland berre i liten grad viste systematiske forskjellar mellom landsdelar, var dette langt meir markant i Belgia. Det tyder på sterkare regionale identitetar der, noko som blir spådd å motverke eller i alle fall forseinkje utviklinga av ein nasjonal standardideologi og dermed standardspråk.

På s. 27 i innleiinga grupperer Tore Kristiansen (i eit tidlegare upublisert sitat) nokre europeiske land etter standardiseringsgrad: I den strenge enden plasserer han Danmark, Island, Storbritannia og Frankrike; på motsett flyt tronar Noreg åleine («it is an open issue whether Norway can be said to have a ‘standard language’ at all»). I midten nemner han Sverige, Finland og Tyskland som land med “more or less strong standard languages”. Setninga om Noreg bygger på ein spesiell standardspråk-definisjon som eg tidlegare har markert avstand til; eg meiner påstanden er feil, men det er ikkje så viktig her. Meir interessant er det kva slags bilde som avteiknar seg i denne boka. Kan vi seie at destandardisering er ein tendens i Europa i dag, ut ifrå desse rapportane?

Det ser ikkje sånn ut. Faktisk finn eg berre to kapittel som signaliserer at destandardisering går føre seg eller er ei nærliggande moglegheit. Det eine er om det finsktalande Finland. Nuolijärvi og Vaattovaara konkluderer på s. 73: "On the whole, we seem to be heading towards de-standardisation." Men eg finn ikkje noka særleg støtte for dette i artikkelen: Eksempla og dei generelle beskrivingane dei gir, peikar heller mot ei avgrensa "demotisering" i redaktørane s forstand.

Det andre kapitlet som konstaterer ei destandardisering, er sjølv sagt Helge Sandøy sitt om Noreg. Sandøy teiknar eit bilde utan overraskinger for oss norske observatørar (og aktørar). Ser vi heile boka i samanheng, så må vi berre seie at ho slett ikkje rokkar ved den norske særstillinga som "annleisland" i Europa. Men eg kunne nok ha tenkt meg enda nokre fleire landrapportar, ikkje minst frå land som Sveits, Luxemburg, Italia og Hellas. Det kunne ha ført til eit enda meir nyansert og fasettert bilde enn boka no gir.

Men det som står, er meir enn forvitneleg nok til å sikre ei anbefaling, både av boka og av det prosjektet ho er ein del av. Ho er viktig for alle som vil følgje med i det som skjer på dette feltet i Europa – både språkutviklinga og teoriutviklinga.

Lars S. Vikør
Norsk Ordbok
Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Universitetet i Oslo
Postboks 1021 Blindern
NO-0315 Oslo
l.s.vikor@iln.uio.no